

Ordet og realiteten

Av professor, dr. philos. Magne Skodvin

I Aftenposten nr. 63 (18/2) uttalar advokat Hartmann seg dels om mine åndsevner, dels om spørsmål i samband med Trondheimsavtalen 10. juni 1940. På det siste punktet vil eg gjerne føra diskusjonen vidare.

Vi er enige om ein viktig ting. Etter 10. juni 1940 var det framleis krigstilstand de jure mellom Tyskland og Norge, med dei rettar og plikter som denne retstilstanden måtte medføra for begge parter. Men, hevdar så Hartmann, reint faktisk var det ikkje krig, for alle norske styrkar hadde nemleg kapitulert ved «opphevelsen av krigstilstanden de facto». Ved Trondheimsavtalen kapitulerte «samtlige» norske stridskrefter. Det er dette ordet det står på. Spørsmålet er mindre filologisk enn historisk, og eg skal pany drøfta ordet ut frå den realitet det har til formål å oppsummera.

Del norske forhandlarane i Trondheim hadde ikkje fullmakt til å forhandla om alle norske styrkar, berre om den delen som

vart att i landet. Dersom dei nå, reint hypotetisk, eigenmektig hadde utvida eller sett seg ut over sitt oppdrag og sine fullmakter, så kunne dei ikkje koma i stand nokon bindande avtale på den måten. Men i realiteten heidt dei seg nøye til den avgrensa fullmakta. Dette var dei tyske forhandlarane klar over. Dersom nå tyskarane på si side hadde tenkt som så: vi har ikkje bruk for gjennom med makt, — så kunne dei ha diktert ein avtale. Men det ikkje makt til det. Konge og regjering, med dei stridskrefter som fylgde med, var utanfor tysk kontroll. Altså kunne dei ikkje gjerast avtale om fullstendig kapitulasjon, og heller ikkje tvingast fram ein fullstendig kapitulasjon ved diktat.

Narvikavtalen

Men, hevdar Hartmann, Trondheimsavtalen vart endra og supplert ved det han nå kallar «Narviktillegget» dagen etter. Før ein kan drøfta dette, måtte det dokumenterast at «ein slik tysk-norsk avtale verkeleg eksisterer». Det er ennå ikkje gjort. Det finst eit tysk notat som mogleg kan tolkast i den lei, — eller på heilt andre måtar. På dette punktet er eg forhindra frå å gå vidare nå, av grunnar som ligg klart i dagen. Som kjent har Sverre Hartmann meint å kunne påvisa så graverande forhold i denne samanhengen at han har ynskt å få dei klargjorde i rettslege former. Som kjent har riksadvokaten på si side sett i gang etterforskning. I denne situasjonen har eg frå første stund teke det ufråvikelege standpunkt at eg ikkje kjem til å ytra meg om spørsmålet før etterforskninga er avslutta. Men når det kjem, så kjem det.

«Samtlige...»

Hartmann skriv at ordlyden i Trondheim vart «endret til «Samtlige norske stridskrefter...» Dette er feil. Avtalen vart endra frå «Die norwegischen Streitkräfte zu Land, zu Wasser und in der Luft...» til «Die gesamten norwegischen Streitkräfte...» Det er den tyske teksten som skal leggjast til grunn i tvilstilfelle. I norsk omsetjing kan ein sjølv sagt bruka «samtlige», dersom Hartmanns tolking skulle vera rett. Men det må han bevisa først. Det er det tyske uttrykket «Die gesamten...» vi har å tyda, på grunnlag av handfaste realitetar. Kva inneheld det? Er det, som

Hartmann hevdar, «altomfattende»?

«Die gesamten...»

Det er eit temmeleg uvanleg uttrykk i slike samanhengar. Det kurante ordlaget er det som vart lagt til side, altså: stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta. Dette vart til dømes brukt i dei franske kapitulasjonsavtalene i 1940, både den med Tyskland og den med Italia, og elles i ei lang rekke liknande avtalar. Men ordet «gesamte» har eg berre støytt på ein einaste gong i slik samanheng i 1940, nemleg i den nederlandske kapitulasjonsavtalen av 15. mai 1940. Der står det i § 1: «Die gesamte Wehrmacht der Niederlande gilt als Kriegsgefangene.» Kva var så realiteten bak ordet der? Står det for ein «altomfattende» kapitulasjon?

Nel. Dagen før, 14. mai, hadde kommanderende general Winkelmann meldt frå til tyskarane at han måtte la våpna leggja ned «med undtak av provinsen Zeeland». Etter at avtalen var underskrevet, var dei nederlandske

styrkane i Zeeland framleis i full krig, og kapitulerte først den 18. mai. Ein måtte altså i tilfelle hevda at ordet «gesamt» er altomfattande i Norge i juni, men ikkje i Nederland i mai. Det er ei dårleg løysing.

«6. divisjon»

Både utkastet og den endelege avtalen har same innleiing, med honnør til den norske sjette divisjon. I utkastet refererer «6. divisjon» uomstrødt til alle norske stridskrefter, til lands, til sjøs og i lufta. Nå hevdar Hartmann at så må vel det same vera tilfelle i den endelege avtalen og «Sjette divisjon» kan vel ikkje vera noko anna og mindre i avtalen enn i utkastet?

Sjølvsagt kan den det. Sjette divisjon er di styrkar som til kvar tid var underlagt divisjonen. Då det tyske utkastet vart til, rekna tyskarane med at alle norske stridskrefter som ennå var i strid, høyrde inn under sjette divisjon. Divisjonen var identisk med dei norske styrkar til lands, til sjøs og i lufta. Men då forhandlingane tok til, fekk dei vita at divisjonen ikkje lenger hadde stridsføre krefter til sjøs, og heller ikkje i lufta. Desse styrkane hadde forlate landet for å føra krigen vidare utanfrå. Sjølvsagt måtte dei då stryka den altomfattande formelen. Den hadde ikkje meining lenger, for di orda ikkje var i samsvar med realiteten. I staden sette

Landsstyremøte i Treindustri drøfter EEC

Norsk Treindustriarbeiderforbund

har landsstyremøte idag og imorgen, bl.a. for å drøfte fagbevegelsens stilling til Fellesmarkedet. Innledere her blir utredningssjef Per Kleppe og Bjørn Tore Godal fra AUF. Videre skal man drøfte opplysningsarbeidet generelt, efter innledning av sjefsekretær Bjartmar Gjerde.

Landsstyret skal dessuten utarbeide vedtekter for kollektiv hjemforsikring, kollektiv gruppeulykkesforsikring og kollektiv ulykkesforsikring.

dei inn «Die gesamten norwegischen Streitkräfte...» for å dekkja alt det som måtte vera att i landet. Dei var kanskje ikkje blinde for at det er eit tøyelig ord. Som vi ser, kan det tøyast den dag i dag.

Avtalen i Trondheim 10. juni 1940 gjeld for dei norske styrkane som på den tid var att i landet. Verken tyske eller norske forhandlarar hadde autoritet over dei styrkane som fylgde konge og regjering. Dei norske forhandlarane gjorde ikkje krav på slik autoritet. Dei tyske hadde ikkje makt til det.

2/ Kunne versjon!

114302